



**REGLEMENT FOR
GODTGJERSLE
FOR
FOLKEVALDE**



Møre og Romsdal
fylkeskommune

INNHALD:

§ 1.	Reiseutgifter, kostgodtgjersle og overnattingsutgifter	3
§ 2.	Erstatning for tapt arbeidsforteneste – utgiftsdekning	4
§ 3.	Årsgodtgjersle	5
§ 4.	Møtegodtgjersle og leiargodtgjersle	8
§ 5.	Sjukepengar og permisjonar	9
§ 6.	Synfaringar, oppdrag, gruppemøte og konferansar	9
§ 7.	Pensjonsrettar	10
§ 8.	Forsikring	11
§ 9.	Telefongodtgjersle, aviser og nettbrett.	11
§ 10.	Bustad/tenestestad for fylkesordførar/fylkesvaraordførar	12
§ 11.	Dispensasjon og tolking av reglementet	12
§ 12.	Iverksetting – regulering	12

Reglementet har som formål å sikre fylkeskommunen sine folkevalde kompensasjon for sitt arbeid som ombod, dekket utgifter til skyss, kost, overnatting og erstatte tap i arbeidsinntekt, samt andre utgifter i forbindelse med utøving av tillitsvervet.

§ 1

REISEUTGIFTER, KOSTGODTGJERSLE OG OVERNATTINGSUTGIFTER

Reiseutgifter, kostgodtgjersle og overnattingsutgifter blir betalt i samsvar med Statens reiseregulativ for reiser innanlands og utanlands med følgende avvik og presiseringar:

1. Kostgodtgjersle blir betalt ved alle reiseoppdrag, også til utlandet, og blir rekna frå ein reiser heimanfrå til ein kjem heim igjen. Det skal då gjerast trekk i samsvar med reiseregulativet for dei måltid ein får servert. Det skal ikkje gjerast trekk for enkel kaffiservering (rundstykke e.l). Rekningskrivaren skal sjølv gje opplysning om måltid på reiserekninga.
2. Alle reiseutlegg skal legitimerast med godkjent kvittering. For alle reiser utanom dei fylkeskommunale møta, skal program/innkalling eller anna dokumentasjon ligge ved reiserekninga.
3. Reiser skal gjennomførast på billigaste måte for fylkeskommunen, og der det er tenleg bør offentleg transportmiddel nyttast. Ved bruk av privatbil bør fleire kjøre saman. Bestillingar av flyreiser skal gjerast i god tid før avreise ved fylkeskommunen sin reisebyråavtale.
4. Fylkestingsmedlemer som bur heime under tingsamlinga får kostgodtgjersle i henhold til medgått tid for kvar møtedag. Reiseutgifter mellom bustad og møtestad blir dekt for kvar reise.
5. Folkevalde som mellombels oppheld seg utanfor fylket pga studiar, militærteneste o.l. får dekt reiseutgiftene frå opphaldsstad til møtestad t/r i samband med møte i fylkeskommunale organ.
6. Nødvendig ledsagar for funksjonshemma medlemer, får dekt utgifter til skyss-, kost og ev. overnatting.
7. I dei tilfella der den folkevalde må ha med seg barn for at barnet skal ammast, dekker fylkeskommunen legitimerede utgifter til skyss og opphald til barnepassar på det rimelegaste alternativet.
8. Reiserekning skal skrivast snarast råd etter kvart møte, seinast innan 3 månader. Alle utgifter og krav for vedkomande reise skal førast opp i same reiserekning. Fylkestingsmedlemene får dekt årsavgifta til betalingskort ved å nytte avtalen som fylkeskommunen har. Søknadsskjema får ein hos fylkesrådmannen. Årsavgifta kan ein føre på reiserekning med kvittering frå betalingskortselskapet som dokumentasjon.
9. Retningslinjer for tenestereiser for Møre og Romsdal fylkeskommune, vedteke av fylkesutvalet i sak U-44/05 A, gjeld saman med dette reglementet.

§ 2

ERSTATNING FOR TAPT ARBEIDSFORTENESTE - UTGIFTSDEKNING

Fylkeskommunal valde representantar, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar, har rett på erstatning for legitimert tapt arbeidsforteneste (inkl. feriepengar) og legitimerte utgifter som utføring av vervet fører med seg. Føresetnaden for å krevje slik erstatning er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap.

Alle attførings-, uføre- og pensjonsutbetalingar er å sjå på som løn.

1. **Maksimalt beløp** som kan erstattast for legitimert tap i arbeidsinntekt og sosiale utgifter er tilsvarande ei dagløn for fylkesordføraren pr. tapt arbeidsdag. For kortare fråvær enn 7,5 time pr. dag blir maksimalsatsen redusert tilsvarande.

Ved særskilde høve kan fylkesordføraren godkjenne høgare dokumenterte krav.

Erstatning for tapt arbeidsforteneste blir berre dekt når det er sett fram krav om det i reiserekninga.

2. **Lønsmottakarar** skal som legitimasjon nytte skjema for "Erklæring frå arbeidsgivar om trekk i løn". Utfylt skjema må leverast for kvar gong ein krev slik erstatning. Erklæringa må vere stempla og underskriven av den som er ansvarleg for lønsutbetalinga i firmaet. Den folkevalde kan i staden for å bli trekt i løn, gjere avtale med sin arbeidsgivar å få utbetalt ordinær løn derifrå mot at arbeidsgivar får refusjon frå fylkeskommunen. Eige refusjonsskjema skal nyttast ved slike høve, og oppgjer skal skje kvartalsvis, eller etter avtale. Den folkevalde har sjølv ansvaret for å gje arbeidsgivar informasjon om kven som er rett adressat for refusjonskravet, og for kva møte refusjonen gjeld.
3. **Sjølvtendige næringsdrivande** skal legge fram likningsattest og utskrift av likninga. Tap pr. dag blir utrekna etter personinntekt frå næringsverksemd dividert på 260 dagar. Kapital-, leige- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Dersom likningsutskrifta ikkje gir nok opplysningar for utrekning av det reelle tapet, kan ein i tillegg legge ved eiga fråsegn med ei utrekning av inntektstapet som kan godkjennast av fylkesordføraren.
4. **Andre utan vanleg lønsinntekt** som har tap og utgifter som ikkje kan legitimerast i samband med utføring av fylkeskommunen sine verv, får erstatning på 1 850 kroner pr. tapt heil arbeidsdag. I særlege høve kan fylkesutvalet dispensere frå satsen for erstatning når denne gir urimeleg låg dekning for tapet.
5. **Deltidstilsette** som har redusert tal arbeidstimar pr. dag, får erstatning fordelt på legitimert og ulegitimert tap etter storleiken på arbeidstida i høve til normal arbeidsdag.

Kravet til fullt vederlag etter desse reglane er at fråværet har vart minst 7,5 timar eller meir i tidsrommet kl 0800 - 2000 på kvardagar og kl 0800 - 1600 på laurdagar. For kortare fråvær enn 7,5 time blir erstatninga betalt

forholdsmessig etter timetal avrunda opp til næraste halve time. For sjølvstendig næringsdrivande og for ulegitimert tap, skal vederlaget dekke minimum halv dag.

For oppdrag på laurdag, søndag og rørlige helgedagar blir det berre gitt refusjon for dokumentert tap.

6. **Legitimerte ekstraavgifter ved omsorgsforpliktelsar.** I samband med oppdrag/møter for ein folkevald som har tilsyn for barn under 12 år, vert nødvendige avgifter til barnepass dekkja med inntil satsen for ulegitimert tapt arbeidsforteneste. Satsen er fordelt på ein sats for dag og ein sats for natt, der nattsats er 1/3 av dagsats. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta på møtet.
7. Avgifter til ledsagar. Ein folkevald som treng å ha med ein ledsagar for å kunne delta på møter og for å kunne utøve vervet, får dekkja dokumenterte avgifter inntil satsen for ei dagløn til fylkesordførar. Dette skal vere godkjent av fylkesordførar på førehand.

§ 3

ÅRSGODTGJERSLE

Folkevalde med særleg arbeidskrevande verv får fast årleg godtgjersle i staden for møtegodtgjersle.

1. **Fylkesordføraren** si godtgjersle blir fastsett til 100 %. Den blir knytt til satsen av grunnbeløpet i Folketrygda (=G) og skal utgjere summen av 12 G. Godtgjersla skal regulerast i budsjettet med verknad påfølgande 1. januar.
2. Fylkesvaraordføraren skal ha fast årsgodtgjersle i prosent av fylkesordføraren si faste godtgjersle. Fylkesutvalet fastset prosentdelen for kvar valperiode på bak grunn av venta arbeidsbelastning. Godtgjersla skal minst utgjere 50 % av fylkes ordførarsens godtgjersle.
3. Godtgjersla til fylkesordførar og fylkesvaraordførar er å sjå som ei frikjøpsordning, og det blir derfor ikkje ytt refusjon for tapt arbeidsforteneste i tillegg til den faste godtgjersla. Det blir heller ikkje betalt møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste for andre møte/oppdrag. Det kan gjerast unntak for oppdrag i helger dersom fylkesvaraordføraren også er leiar av eit hovudutval.
4. **Fast årsgodtgjersle.** Dei andre fylkesutvalsmedlemene, gruppeleiarane, leiarane av hovudutvala, kontrollutvalet og andre faste utval, får fast årsgodtgjersle i prosent. Ingen kombinasjon av verv skal overstige 80 % av fylkesordføraren si godtgjersle. Godtgjersla blir utrekna i prosent av fylkesordføraren si godtgjersle.
5. Den faste årsgodtgjersla skal dekke all møteverksemd i dei verva som er lagt inn i ordninga. Det vil seia at prosentsatsen for fast årsgodtgjersle er i staden for møtegodtgjersle og skal dekke alle faste møte, inkludert gruppemøte, alle møte/oppdrag, utvalsmøte samt ekstramøte, synfaringar, studiereiser og liknande i desse fora. Også for leiarane av utvala, er alle oppdrag inkludert i godtgjersla. Ev. tapt arbeidsforteneste og dokumenterte avgifter blir i tillegg

refundert etter reglane i § 2 ovanfor. Oppdrag og møte i arbeidsutval/ad hoc utval som ikkje er omfatta av ordninga, blir godtgjort med møtegodtgjersle etter reglane i § 4 nedanfor. Godtgjersla blir utrekna i prosent av fylkesordføraren si godtgjersle for følgande verv:

Fast årsgodtgjersle

	Utval	Medlem	Leiar
a)	Fylkestinget	5,0 %	
b)	Fylkesutvalet, (inkl. valnemnda, klagenemnda, møte i Mørebenken, KS-konferansar ol)	17,5 %	
c)	Kontrollutvalet	4,0 %	12,0 %
d)	Hovudutval: utdannings- og kompetanseutvalet, samferdselsutvalet, kultur-, næring- og folkehelseutvalet	5,0 %	11,0 %
e)	Utbyggingsutval for bygg- og vegsaker	4,0 %	11,0%
f)	Fagskolestyret, leiar		6,0 %
g)	Vestlandsrådet	2,0 %	
h)	Eldrerådet, yrkesopplæringsnemnda, rådet for personar med nedsett funksjonsevne	2,0 %	4,0 %
i)	Gruppeleiar som pkt. 12		

6. Frikjøpsordninga

Folkevalde med fast årsgodtgjersle etter pkt. 5 kan velje ei frikjøpsordning som skal dekke både fast møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for alle møte/oppdrag knytt til dei verva som går inn under frikjøpsordninga. Det vil seia at prosentsatsen for frikjøpsordninga skal dekke alle faste møte inkludert gruppemøte, alle utvalsmøte samt ekstramøte, synfaringar, studiereiser, konferansar og alle andre oppdrag i desse fora. Også for leiarane av utvala, er alle oppdrag inklusive i godtgjersla. Godtgjersla blir utrekna i prosent av fylkesordføraren si godtgjersle for følgande verv:

Frikjøp

	Utval	Medlem	Leiar
a)	Fylkestinget	10,0 %	
b)	Fylkesutvalet, (inkl. valnemnda, klagenemnda, møte i Mørebenken, KS-konferansar ol)	35,0 %	
c)	Kontrollutvalet	8,0 %	24,0 %
d)	Hovudutval: utdannings- og kompetanseutvalet, samferdselsutvalet, kultur-, næring- og folkehelseutvalet	10,0 %	22,0 %
e)	Utbyggingsutval for bygg- og vegsaker	8,0 %	22,0%
f)	Fagskolestyret, leiar		12,0 %
g)	Vestlandsrådet	4,0 %	
h)	Eldrerådet, yrkesopplæringsnemnda, rådet for personar med nedsett funksjonsevne	4,0 %	8,0 %
i)	Gruppeleiar som pkt. 12		

Det er eit vilkår for å kunne velje dette alternativet at den folkevalde tek permisjon frå si ordinære stilling minst tilsvarande den samla prosentvise årsgodtgjersla. For dei som har hatt fylkespolitiske verv tilsvarande minst 50 % frikjøp i dei to siste valperiodane, og har måtte seie opp jobben sin pga. av verva, kan også velje denne ordninga.

7. **Grunngodtgjersle**

Dei fylkestingsrepresentantar som etter gjeldande ordning ikkje kjem inn under ordning med fast godtgjersle (etter § 3 pkt. 5 og 6), får fast grunngodtgjersle på 31 000 kroner pr. år i tillegg til vanleg møtegodtgjersle, og ev. tapt arbeidsforteneste. Dette blir utbetalt med lik fordeling over 12 månader.

8. **Utbetaling**

Den faste årsgodtgjersla/frikjøp blir utbetalt med 1/12 kvar måned. Det blir ikkje rekna feriepengar av godtgjersla, da folkevalde ikkje er omfatta av ferielova.

9. **Reduksjon i utbetaling av fast årsgodtgjersle/frikjøp/grunngodtgjersle ved fråvær**

Medlemmer med fast årsgodtgjersle/frikjøp for møte i fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutval/kontrollutval/andre utval blir trekt ved fråvær frå ordinære møte med utsendt innkalling. Godtgjersla skal reduserast med ein sum tilsvarande satsen for møtegodtgjersle. For dei som er omfatta av frikjøpsordninga skal det i tillegg trekkast for satsen for ulegitimert tapt arbeidsforteneste, om mogleg, ved utbetaling av godtgjersle i nærast påfølgande måned. Dei som får utbetalt grunngodtgjersle skal bli trekt eit beløp tilsvarande halv møtegodtgjersle ved forfall ved eit gruppemøte eller ein dag på fylkesting. Det skal ikkje gjerast trekk når fråværet skuldast sjukdom eller andre oppdrag for fylkeskommunen som det ikkje blir betalt for.

10. **Fast godtgjersle til varamedlemmer i fylkesutvalet og nestleiar i hovudutval og kontrollutval**

Når varamedlemmer og nestleiarar må fungere som hhv medlem og leiar i lengre samanhengande periode, minimum 3 månadar, som kan tidfestast på førehand, skal dei ha utbetalt den faste godtgjersla for vervet for denne perioden i staden for møtegodtgjersle.

11. **Ettergodtgjersle**

Folkevalde som har vervet som sin hovudsysselsetting, minimum 50 % stilling, kan søke om å få ettergodtgjersle ved utgangen av valperioden dersom den folkevalde ikkje har arbeid å gå til.

Ettergodtgjersla skal tilsvare den faste godtgjersla vedkomande hadde før utløpet av perioden. Folkevalde som i den neste valperioden held fram i verv med godtgjersle, men med lågare prosentdel, kan maksimalt kreve ettergodtgjersle tilsvarande differansen mellom godtgjersla før og etter skifte av valperiode.

Det skal ikkje utbetalast ettergodtgjersle for ein periode lenger enn frå konstitueringa og ut året.

12. **Årsgodtgjersle til fylkestingsgruppene**

Gruppeleiarar for parti/grupper som er representert i fylkestinget får utbetalt fast årsgodtgjersle i prosent av same godtgjersle som fylkesordføraren etter storleiken på gruppa slik:

Basisgodtgjersle 5,0 %
Tillegg pr. repr. 1,2 %

Fylkestingsgruppene får ei årleg godtgjersle på 26 000 kroner pr. representant i fast godtgjersle for fylkestingsgruppene. Eller det kan disponerast etter eigne

vedtak i gruppene. Gruppeleiaren er ansvarleg for at rekningsstilvisinga får melding om kven summen skal tilvisast til og om noko av godtgjersla skal lønsinnmeldast.

§ 4

MØTEGODTGJERSLE OG LEIARGODTGJERSLE

For fylkeskommunale verv som ikkje kjem inn under ordninga med fast årsgodtgjersle eller frikjøp etter § 3, blir det i tillegg til erstatning for ev. tapt arbeidsforteneste, betalt møtegodtgjersle og ev leiargodtgjersle for kvart møte.

Blir medlemmer innkalla i fleire utval same dag, har dei rett på møtegodtgjersle for kvart møte, men maksimum 2 møtegodtgjersler pr. dag.

I dei tilfella klagenemnda og valnemnda har møte same dag som fylkesutvalet er samla, blir det berre betalt ei møtegodtgjersle. Dette som følge av at fylkesutvalet er klagenemnd/valnemnd.

Der fleire utval har eit fellesmøte, blir det berre betalt 1 møtegodtgjersle.

Møte- og leiargodtgjersla er vederlag for førebuingarbeid, arbeid under møta og ev. oppfølging av saker.

1. Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle med 1 850 kroner pr. møte, maks 2 møtegodtgjersler pr. dag, blir betalt til møtande medlemmer og varamedlemmer av:

- a. fylkestinget
- b. hovudutvala
- c. kontrollutvalet, også ved møte i fylkesting og gruppemøte der saker fremma av kontrollutvalet er til behandling
- d. andre faste utval, styre, nemnder og råd som ikkje kjem inn under ordninga med fast godtgjersle. t.d. ungdomspanelet.
- e. underutval, arbeidsutval, ad hoc utval m.m.
- f. politisk valde medlemmer og varamedlemmer av skoleutvala
- g. møtande varamedlemmer i fylkesutvalet og andre utval
- h. fylkeskommunen sine valde representantar i årsmøte, generalforsamlingar, arbeidsgrupper eller styringsgrupper og styre i ikkje fylkeskommunale organ, når godtgjersle ikkje blir betalt av andre.

For **video- og telefonmøte** blir det betalt halv møtegodtgjersle. Men dersom møtet varer meir enn 1 time, blir det gjeve heil møtegodtgjersle for møte i folkevalde organ i Møre og Romsdal fylkeskommune.

2. Leiargodtgjersle

Leiar i utvalsmøte som ikkje kjem inn under reglane i § 3 om fast godtgjersle, får dobbel møtegodtgjersle pr. møte.

Dersom leiaren må ta del i konferansar og andre oppdrag utanom utvalet sine møte, blir det betalt enkel møtegodtgjersle i tillegg til dekning av skyss- og kostutgifter og erstatning for ev. tapt arbeidsforteneste for slike møte.

For oppdrag på laurdag, søndag og rørlige helgedagar blir det betalt ei godtgjersle tilsvarande møtegodtgjersla med tillegg av 50%.

3. **Nestleiar godtgjersle**

Nestleiar eller andre som må leie møte i leiarens fråvær, får dobbel møtegodtgjersle for dei aktuelle møta. Ved eksterne oppdrag der leiar er forhindra i å delta/utføre eit oppdrag og nestleiar må representere fylkeskommunen, kan det utbetalast enkel møtegodtgjersle. Ved helg, 1 møtegodtgjersle med tillegg av 50%. Det er ein føresetnad at nestleiararen har ei reell deltaking i oppdraget med t.d. tale/innlegg eller liknande.

4. **Unntak frå møtegodtgjersle**

Møtegodtgjersle blir ikkje betalt til offentleg tilsette som møter i samband med den stilling dei har, og der deltaking i utvalsarbeidet må sjåast på som ein naturleg del av deira arbeidsoppgåver.

§ 5

SJUKEPENGAR OG PERMISJONAR

1. **Sjukepengar.** Folkevalde skal ha same rett til sjukepengar som tilsette. Det blir betalt sjukeløn i inntil eit år tilsvarande til dei reglane som gjeld for tilsette. Sjukeløn blir ikkje betalt utover perioden ein er vald for. Sjukefråvær utover 8 dagar dokumenterast med legeattest. For dei som tar ut pensjon frå Folketrygda, er det egne reglar på dette område.
2. **Permisjonar.** Folkevalde som har vervet som sin hovudsyssestelling, tilsvarande minimum 50 % stilling, har rett på permisjonar. Permisjon kan berre gis i samsvar med arbeidsmiljøloven §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15. Søknad om permisjon skal sendast snarast råd til administrasjonen. Ved barn og barnepassar sin sjukdom må det gis skriftleg beskjed så snart som råd til administrasjon.
Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barn og barnepassar sin sjukdom, skal den folkevalde framleis ha godtgjeringa etter dei same reglane som tilsette.

§ 6

SYNFARINGAR, OPPDRAG, GRUPPEMØTE OG KONFERANSAR

1. Under synfaringar som blir gjort av det samla utval, nemnd, råd eller styre, får medlemene skyss- og kostgodtgjersle og ev. refusjon for tapt arbeidsforteneste, og dessutan møtegodtgjersle.

Det same gjeld for synfaring som delar av utvalet gjer, når det anten er vedteke i vedkomande utval, nemnd, råd eller styre, eller når fylkesordføraren eller fylkesrådmannen har bede om at synfaringa blir gjort. Vedtaket må gå fram av protokollen for utvalet, nemnda, rådet eller styret.

Synfaring i tilknytning til eit hovudutvalsmøte same dag, gir ikkje ekstra møtegodtgjersle.

2. Ved deltaking på kurs, seminar, foredrag, konferansar, møte som blir halde av andre, tilstellingar m.m. etter vedtak i vedkomande utval/styre, eller etter oppdrag frå fylkesordførar eller fylkesrådmann, får vedkomande dekt skyss- og kostutgifter og erstatning for ev. tapt arbeidsforteneste, men får ikkje møtegodtgjersle. Ved utpeiking av kven som skal ta del i slike høve, skal det takast omsyn til reiseavstand.

Der ektefelle/ledsagar er invitert med, dekker fylket opphald og legitimerte reiseutlegg.

3. Gruppemøte som blir haldne i fylkestingsgruppene før opninga av fylkestinga, i gruppene i fylkesutvalet før fylkesutvalsmøta og i gruppene i hovudutvala før hovudutvalsmøta, blir i høve til dette reglementet å sjå på som ein del av fylkestings-/fylkesutvals-/hovudutvalsmøta.

Fylkestingsmedlemene, medlemene i kontrollutvalet (jfr. § 4, pkt. 1) og dei varamedlemene som får tilsendt saksdokumenta til fylkestinget, får dekt møtegodtgjersle, skyss- og kostgodtgjersle og ev. erstatning for tapt arbeidsforteneste for frammøte på eit gruppemøte mellom kvar tingsamling. I dei høve hovudutvala har samling på same dag, har dei medlemene av kontrollutvalet som ikkje er medlem av fylkestinget, høve til å møte i eventuelle gruppemøte med same rettar som dei øvrige medlemene.

4. Retningslinjer for deltaking på kurs, konferansar og andre oppdrag for folkevalde:
 - a. Deltaking på kurs og konferansar som folkevalt for fylkeskommunen, skal vere godkjent av fylkesordføraren eller utvalsleiaren før påmelding.
 - b. Fylkesordførar godkjenner deltaking som skal dekkast av fylkestinget eller fylkesutvalet si ramme.
 - c. Utvalsleiar godkjenner for utvalet si ramme.
5. Studiereiser/deltaking i møter i utlandet skal være godkjent av fylkesordførar på førehand. Dette gjeld alle folkevalde med eit unntak for representantar vald av fylkeskommunen til internasjonale fora, og gjeld når dei deltek på møta.

§ 7

PENSJONSRETTAR

Folkevalde med fast årsgodtgjersle tilsvarande 1/3 eller meir av heil stilling, skal meldast inn i den ordinære tenestepensjonsordninga i KLP for tilsette, men med visse tilpassingar. Det skal vere knytt ei AFP-ordning frå 62 år til denne pensjonsordninga for folkevalde. Alle folkevalde verv skal sjåast under eitt.

Tolking av siste punkt «Alle folkevalde verv skal sjåast under eitt»: Under den politiske handsaminga av saka vart det lagt fast at den folkevalde, i høve pensjonsordninga, skal kunne opparbeide pensjon basert på det samla engasjement ein har som folkevald – uavhengig av om dette er i fylkeskommunen, i ein kommune eller i eit kommunalt selskap. Reint praktisk vil dette for nokre m.a. bety at politiske engasjement/verv som åleine i fylkeskommunen/ein kommune ikkje er tilstrekkeleg for innmelding – gje

pensjonsopptening dersom ein ser dette engasjementet i samanheng med andre engasjement i andre kommunar/interkommunale selskap eller liknande. Det er ein føresetnad at den/dei aktuelle kommunane har ei pensjonsordning for folkevalde som er kompatibel med vår KLP ordning og har inngått tilsvarande avtale med sin pensjonsforsikringsleverandør om at verv som folkevald skal sjåast under eit. Ansvar for å melde frå om ulike kombinasjonar av verv/verv-tilsetting ligg på den einskilde representant og innmeldingar må skje frå den einskilde kommune for sin del.

Folkevalde som ikkje har årsgodtgjersle som gir rett til innmelding i pensjonsordninga omtale i 1. avsnitt og av den grunn taper pensjonsrettar som følgje av redusert stilling/fråvær frå sitt ordinære arbeid på grunn av verv i fylkeskommunen, får refundert arbeidsgivardelen av den tilleggspremien som må innbetalast for å oppretthalde pensjonsrettar som om ein gjekk i si vanlege stilling. Denne ordninga er avgrensa til å gjelde folkevalde med fast godtgjersle som har minst 20 % reduksjon eller fråvær i si ordinære stilling på grunn av fylkeskommunale verv.

Ved slutten av året blir også utbetalt møtegodtgjersle og grunngodtgjersle vurdert og summert opp og rekna med i den samla pensjonsretten til den folkevalde. Dette gjeld både for dei som får utbetalt møtegodtgjersle pr møte og for dei som er inne på ei av dei to faste ordningane våre og som får utbetalt møtegodtgjersle for tilleggsoppdrag utanom dei verva som er omfatta av ordninga. Det påfølgande året blir den folkevalde trekt for arbeidstakar sin andel på 2 % og fylket betalar inn arbeidsgivar sin del av pensjonsordninga. Dette føresett sjølv sagt at kriteria for innmelding til KLP blir oppretthaldt. Men sidan det er vanskeleg å gjere utbetaling av ei møtegodtgjersle om til timar, reknar ein her ut kva det utgjer i prosent av grunnlaget (=fylkesordførargodtgjersla).

§ 8

FORSIKRING

Folkevalde er dekt av fylkeskommunen sin yrkesskadeforsikring når dei tek del i møte i fylkeskommunen sine organ. Fylkeskommunen teiknar tilleggsforsikring som gjev dekning også for reiser til og frå møta.

§ 9

TELEFONGODTGJERSLE, AVISER OG NETTBRETT

1. Fylkesutvalsmedlemer, gruppeleiarar og hovudutvalsleiarar som ikkje er medlemer av fylkesutvalet, får telefongodtgjersle med 200 kroner pr. måned. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar får dekt utgifter til abonnement og kjøp av mobil (tilsvarande avtale som tilsette har).
2. Fylkesutvalsmedlemer, hovudutvalsleiarar og gruppeleiarar får dekt abonnement på ei lokalavis frå andre distrikt i fylket enn der dei bur. Ordninga gjeld berre abonnementsaviser, og abonnementet kan ikkje endrast i løpet av året. Fylkestinget sine medlemer får avisa Kommunal rapport. Aviser/tidsskrifter utover ovannemnde blir opp til gruppene å avgjere.

3. Fylkestinget vedtok i T-sak 73/12 at fylkestinget, fylkesutvalet, kontrollutvalet og hovudutvala inkl. dei rådgivande utvala skal innføre papirlause møte. Alle faste representantar får låne eit nettbrett og tastatur som ein brukar til å laste ned og lese møteinnkalling og møteprotokoll.

Det er ikkje etablert ordning med utkjøp av nettbrett, og utstyret skal leverast tilbake når den folkevalde sluttar.

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar får utlevert ei PC-løysing tilsvarande den tilsette i fylkeskommunen har.

§ 10

BUSTAD/TENESTESTAD FOR FYLKESORDFØRAR/FYLKESVARAORDFØRAR

Fylkesordføraren skal ha Fylkeshuset i Molde som tenestestad og utgangspunkt for tenestereiser som startar i arbeidstida. Tenestereiser elles har bustad som utgangspunkt.

Dersom det er behov for ekstra bustad i Molde, skal fylkeskommunen skaffe høveleg møblert husvære og dekke faste utgifter som husleige, forsikring, telefon og strøm m.m. Utgifter til heimreise kvar helg og ved høgtider blir dekt.

Fylkesordførar som dagpendlar frå sin privatbustad utanfor Molde, får dekt skyssutgifter til og frå kontoret.

Fylkesvaraordførar har rett til overnatting og/eller å få dekt skyssutgifter til og frå kontoret.

§ 11

DISPENSASJON OG TOLKING AV REGLEMENTET

Fylkesutvalet, eller den dei gir fullmakt til, har fullmakt til, i særtilfelle, å dispensere frå desse føresegnene.

Fylkesordføraren har fullmakt til å avgjere tvilsspørsmål om praktiseringa av reglementet.

§ 12

IVERKSETTING - REGULERING

Dette reglementet med endringar blir gjort gjeldande frå konstitueringa av valperioden 2019-2023. Frå same dag fell alle tidlegare vedtak om godtgjersle for fylkeskommunale ombod bort. Jfr. siste revidering av dette reglementet, sak T-75/19, samt endring i sak T-31/20.

Skjeringstidspunkt for utbetaling av fast godtgjersle for gamal og ny valperiode er sett til 1. november.

Møtegodtgjersla, sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste, grunngodtgjersla og årleg godtgjersle per representant til fylkestingsgruppene, blir justert årleg i samsvar med lønsutviklinga i kommunal sektor, då med ei fornuftig avrunding.

Regulering av fylkesordføraren si godtgjersle og sats for møtegodtgjersla, sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste, grunngodtgjersla, og årleg godtgjersle per representant til fylkestingsgruppene, skal skjje ved budsjettbehandlinga. Det vil seia at godtgjerslene og grunnlaget for fast årsgodtgjersle skal regulerast i budsjettet med verknad pr. 1. januar.

Berre fylkestinget kan vedta realitetsendringar av dette reglementet.